

Søknad prosjekt lokalhistorie i skulesekken: Elevinvolvering i munnleg historie

Navn på organisasjonen som søker:

Historielaget Memoar, norsk organisasjon for munnleg historie

Kontonummer for utbetaling

3633.41.87769

Navn, e-post og telefon til kontaktperson

Ada Freng, ada.freng@gmail.com, tlf. 934 13 032

Informasjon om samarbeidsaktørar

Sportsklubben Djerv:

Sportsklubben Djerv er eit tradisjonsrikt idrettslag lokalisert på Møhlenpris i hjarta av Bergen. Klubben vart stifta i 1913 og har i alle år hatt ei viktig rolle for nærmiljøet på Møhlenpris. SK Djerv har i dag fleire idrettar: fotball, innebandy, badminton og wushu. I tillegg har sportsklubben aktivitetar innan integrering og bydelshistorie. Denne siste aktiviteten har eiga nettside – www.historietorget.no

Sjå meir i vedlagt projektskildring

Møhlenpris oppveksttun skule

Møhlenpris skole er ein kommunal barneskule på Møhlenpris i Bergen sentrum. Skulen blei tatt i bruk i 1912. Samarbeidet med SK Djerv og Memoar har utvikla seg gjennom dei siste tre og eit halvt åra. Mellom anna med utviklinga av bloggen Mitt Møhlenpris –

<http://mohlenpris.blogspot.com>.

Beskrivelse av formidlingsopplegget og hvem det er rettet mot.

Prosjektet rettar seg mot elevar og foreldre ved Møhlenpris skule og innbyggjarane i bydelen elles. Sjå meir utfyllande i vedlagt projektskildring.

Søknadsbeløp

kr. 30.000,-

Enkelt budsjett

Sjå vedlagt projektskildring

Hvilke konkrete aktiviteter pengene skal brukes til

Utstyr, infrastruktur, instruksjon og redigering. Sjå meir vedlagt projektskildring.

Forespeilet tidsramme for gjennomføring av prosjektet

Sjølve prosjektet er planlagt gjennomført i løpet av seks fulle dagar i løpet av skuleåret 2019 - 2020. Sjå meir i vedlagt projektskildring.

For Historielaget Memoar – norsk organisasjon for munnleg historie



»**Lokalhistorie – det er oss det!**»

Historia er ein straum som me står midt oppe i. Alle vi som lever nå. Dei gamle har meir fortid inni seg enn der er plass til i noko bok. Dei unge er akkurat der i livet som dei gamle ofte hugsar best. Og om seksti år er det dei som i dag er 10 år, som sit og fortel om korleis det var, akkurat her, i 2019.

Slik er kjernen i vårt prosjekt. Me skal jobba med å lytta, spørja, hugsa, fortelja og *legga att* til dei som kjem etter.

Samarbeidspartnarar: Memoar, Historietorget til Sportsklubben Djerv og Møhlenpris oppveksttun skole.

Prosjekt mål: To skuleklassar og frivillige frå foreldra, historiegruppa i Sportsklubben Djerv og Historielaget Memoar Bergen skal samla, arkivera og formidla forteljingar om oppvekst på Møhlenpris i dag og i dei siste hundre åra. Memoar og Historietorget/Sportsklubben Djerv har arbeidd med å samle munnleg kjeldemateriale om bydelshistoria sidan 2016. Tanken med dette prosjektet er å trekka born og unge og den lokale skulen endå tettare inn i samarbeidet. Forteljingane skal formidlast på nettsidene Historietorget.no og Mohlenpris.blogspot.com og i den digitale vandringsappen Fotspor.mobi



Bildet: Sidan førre søknad har me forsøkt ut konseptet yttarlegare i samarbeid med Fridalen Skule. På bildet ser me sjuande-klassingane Fartun og Madhavi under intervju om bydelshistorie med Kjell Nesse

Bakgrunn

Historietorget samarbeidde med Møhlenpris skule om lokall historie, i 2017 med 6. og 7. klasse, i 2018 med 4. og 5. klasse, vår 2019 med 6. klasse og planlegg samarbeid med 6. og 7. klasse i 2019. Tidlegare fortalte eldre frå SK Djerv til elevar om leik og idrett på Møhlenpris med foto og minner i idrettsmuseet.

I 2018 arbeidde vi fram ei fotoutstilling som sto i Nygårdsparken frå opning 12. mai 2018 heilt fram til hauststormane i september (tverretatleg samarbeid mellom Bymiljøetaten, kultur og skole).

I 2018 arbeidde vi og med munnleg historie gjennom at folk som bur i lokalområdet blei invitert til å fortelja om livet på Møhlenpris i tidlegare tider, dels gjennom lokalområdevandring og dels i klassetimer. Vi kalla det «Husene forteller», og hadde ei ny vandring med 6. klasse våren 2019. Nå er vi gang med å skrive eit temahefte om hus som fortel si historie, og planlegg at dette skal bli ei bok.

Frå skuleåret 2019/2020 vil me gjerne utvida samarbeidet på feltet munnleg historie, og også begynne med digital formidling gjennom nettside, blogg og særleg den mobile applikasjonen «Fotspor».

Memoar har tidlegare opparbeidd ei verdfull kulturhistorisk samling av munnleg kjeldemateriale om bydelens historie. Dei fleste forteljarane har gitt samtykke til bruk av opptaka i formidling av lokal historie. Ei rekke andre har sagt seg villige til å bli intervjuet – enten av skuleborn eller av vaksne frå Djerv/Historietorget eller Memoar.



Prosjektplan

På bakgrunn av desse erfaringane vil vi starte eit nytt prosjekt: Elevinvolvering i munnleg historie.

To klasser skal bruke skal helst bruka to heile dagar, men minimum to halve dagar på dette prosjektet, med høve for elevar til å vera med på «heimelekse» i form av ein ettermiddags prosjektarbeid i tillegg, saman med frivillige og instruktør frå Memoar.

Instruktør og frivillige vil bruka ei arbeidsveke på prosjektet. Instruktør vil vera profesjonell minnesamlar frå Memoar (evt. innleigd frilansar) med kompetanse innan minnesamling, opptak, etterarbeid, redigering og publisering av video og tekst på digitale plattformer.

Frivillige vil vera vaksne frå historiegruppa i Sportsklubben Djerv eller Memoar. Den konkrete prosjektplanen ser slik ut:

Dag 1:

1. Prosjektleder og instruktør: Instruktør lagar korte utklipp av det munnlege materialet som eignar seg til å engasjera elevane. Det kan vera forteljingar frå krigsåra, frå idrettshistoria, om ferjetrafikken og verksemder i «gamle dagar» i bygningar som framleis står – for eksempel trikkehallen og industrihus, om alle butikkane som ein gong var, om leiken i gata og på idrettsplassen.
2. Prosjektleder, instruktør, frivillige og involverte lærarar: Gjennomgang av prosjektplan og praktiske førebuingar.
3. Skule: Førebuingssmøte med lærarar og elevrepresentantar. Gjennomgang av prosjektplan. Elevrepresentantane vurderer og justerer planen.
Frivillige: Oppstartsmøte med interesserte elevar, foreldre og andre frivillige i regi av historiegruppa i SK Djerv eller historielaget Memoar.

Dag 2:

1. Lærarar, klasser, instruktør og frivillige -minst ein halv dag: Undervisningstimar der utklippa (dag 1/3) blir brukte som utgangspunkt for å engasjera elevane i innsamling eller formidling av lokal munnleg historie. Elevane gjer val i høve tema for prosjektet.
2. Mot slutten av denne dagen/delen skal elevane velja og laga planar for ein av fylgjande aktivitetar:
 - Nytt intervjuopptak. Elevane skal finna ein forteljar og førebu intervju med han/henne. Lærar og frivillige hjelper til. Opptaket blir gjort i biblioteket sitt intervjustudio.
 - Vandring: Elevane skal finna ein forteljar og førebu ein tur med henne eller han rundt i bydelen der dei kan be henne/han fortelja om opplevingar dei har hatt/ting som har hendt på konkrete stader, og som seinare kan plottast inn i digital vandringsrute.
 - Attforteljing/dramatisering: Elevane lagar (med litt hjelp) filmar der dei fortel eller dramatiserer noko av det dei har høyrte av forteljingar frå «gamle dagar».

Dag 3:

1. Lærarar, klasser, instruktør og frivillige -minst ein halv dag: Gjennomføring: Elevane gjennomfører dei aktivitetane dei har vald og førebudd:
 - Intervjuopptak: Elevane møter intervjuobjekt i studio på Bergen off. bibliotek. To elevar intervjuar, dei andre er tilhøyrarar og dokumenterer. Etter opptaket, skriv elevane korte tekster om kva dei har lært og leverer dei digitalt.
 - Vandring: Elevane går saman med intervjuobjektet ein runde i bydelen og gjer opptak av forteljingane som kjem fram. Etter turen lagar dei ei liste over punkt på kartet der forteljingane høyrer heime, og korte forteljingar om kva dei einskilde forteljingane handlar om.
 - Dramatisering/attforteljing: Elevane filmar attforteljingar eller dramatiseringar. Etterpå skriv dei korte tekstar om kva dei ulike opptaksekvensane inneheld.

Dag 4:

1. Instruktør og prosjektleiar – minimum ein dag: Redigering og publisering av elevane sine arbeid. Alt blir lagt i nettsida Historietorget.no, det som høver blir lagt i bloggen Mitt Møhlenpris og Fotspor-ruta med same namn.

Dag 5:

1. Instruktør og prosjektleiar: Instruktør vil truleg ha behov for ein halv dag til på etterarbeidet.
2. Prosjektleiar, instruktør, frivillige, lærarar og skuleklassane og intervjuobjekt – minst to timar: Lansering av produsert materiale. Ei samling i klassen der høgdepunkt av det publiserte materialet blir vist, deretter ei vandring der deltakarane kan oppleva den produserte vandringsruta på sine egne mobiltelefonar.
3. Til slutt ein premiefest.

Budsjett

Den største kostnaden i budsjettet vil vera innleige av instruktør / profesjonell minnesamlar og videoprodusent. Me reknar med at kostnadane til lærarar vil bli dekkja over skulen sitt budsjett og at frivillig arbeid frå Historietorget og Memoar vil skje utan kostnad for prosjektet. Arbeidet med å leia prosjektet vil vera krevjande, så me har lagt inn godtgjering for prosjektleinga. «Premierefestane» vil også gå på budsjettet for prosjektet.

		Kostnad
Dag 1	Produksjon av utklipp	kr 4 875,00
	Førebuingssmøte med frivillige	kr 1 300,00
	Førebuingssmøte med lærarar	kr 1 300,00
Dag 2	Undervisningstid - klasse 1	kr 4 875,00
	Undervisningstid - klasse 2	kr 4 875,00
Dag 3	Undervisningstid - klasse 1	kr 4 875,00
	Undervisningstid - klasse 2	kr 4 875,00
Dag 4	Produksjonstid - instruktør	kr 4 875,00
	Rettleiingstid - prosjektleiar	kr 1 300,00
Dag 5	Produksjonstid - instruktør	kr 2 275,00
	Undervisningstid - instruktør	kr 2 600,00
	Undervisningstid - prosjektleiar	kr 2 600,00
Heile veka	Kvalitetssikring og administrasjon	kr 4 875,00
	Klassefest - klasse 1 og klasse 2	kr 600,00
	Totalt:	<u>kr 46 100,00</u>

Me vil finansiera dette slik:

Søknad LLH	kr 30 000,00
Søknad Bergen Kommune	<u>kr 16 100,00</u>
Totalt:	<u>kr 46 100,00</u>

Organisering:

Prosjektleiar:	Ada Freng, Djerv/Memoar
Styringskomite:	Kjartan Navarsete, (rektor på Møhlenpris oppveksttun skole) Bjørn Enes (leiar av Memoar)
Instruktør:	Prosjektmedarbeidar (engasjement) med rettleiing frå Memoar

På denne bakgrunnen søker me om ein stønad på kr. 30.000,- til dette prosjektet.